



Andreas Kleiva  
Midtgardshøgda 22  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/388 - 15/2439

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2015

## Løyve til tiltak - gbnr 196/136 Midtgård - garasje

**Tiltakshavar:** Andreas Kleiva, 5915 Hjelmås  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 43,4m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 47,5m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.01.2015.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.01.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område Midtgård/Leknes gnr. 196, bnr. 4, i reguleringsplanen definert til bustader.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,25 meter.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 09.09.2014. med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. **Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.**

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar sette tidspunkt for ferdigstilling.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.3 Pbl §20-2 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om	Gebyr
10.3.1 Frittliggjande garasje < 70 m <sup>2</sup>	Kr. 6.000,-
6.1 Bruk av kartbasis i samsvar med Pbl §2-1.	Kr. 500,-
Totalt gebyr å betale	Kr. 6.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hagle  
einingsleiar

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Andreas Kleiva

Midtgardshøgda 5915  
22

HJELMÅS